



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 30.05.2021

Ikornnes kyrkje kl. 20.30

Til stades: Erlend Lunde, Bergljot Hjortdal, Magnar Vigstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne og Anita Øvergård

Sak 34/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen innvendinger.

Sak 35/21 Godkjenning av referat frå forrige møte

Godkjent.

Sak 36/21 Vegen vidare i tursopplæringsarbeidet

Både ungdomsarbeidar og trusopplærar i staben har sagt opp stillingane sine, og har siste arbeidsdag 31.07.2021. Korleis skal vi prioritere vidare når vi skal søkje etter nye folk?

Vi hadde ivrig diskusjon om dette, og kva er det som er viktigast for kyrkja vår... Vi har også fått innspel frå Sykkylven Sokneråd og det vedtaket dei fatta 19. mai.

Vedtak frå Ikornnes Sokneråd: Vi sluttar oss til vedtaket om å lyse ut ei 100% stilling innanfor trusopplæringsarbeidet for born og unge. Kan vi kalle det for «kyrkjelydspedagog»?

Og vi går også inn for å auke stillingsprosenten til Elise med 20% så ho kan hjelpe denne posten administrativt med diverse trengande oppgåver.

Vi er også opptatt av det gode arbeidet med Jippikoret og at samarbeidet med SFO må halde fram. Dette er også viktig for å halde oppe rekrutteringa og aktiviteten rundt kyrkja vår. Til dette arbeidet kan det kanskje ansettast ein person som kun driv med kor-arbeidet i kyrkja? F.eks ei 20% stilling? Evt. leige inn naudsynt ressurspersonell til dette på timebasis?

NB: Det må vere klargjort eit opplegg for dette til skulane startar att i slutten av august.

Sak 37/21 Stillingsannonse ny Sokneprest Ikornnes

Vi (Ellen) har fått ein mail frå prost Svein Runde med eit «arbeidsdokument» vedr ny prest på Ikornnes. Dette har vi sett litt på, og der reagerer vi på at det står at 25% av stillinga skal brukast «til prostiet». Dette er vi sterkt ueinige i. Soknepresten skal ha 100% stilling på Ikornnes, og det «skalar av» litt til å hjelpe til i Sykkylven Kyrkje også.

No under pandemien når det har vore lite aktivitet i kyrkjene så går det fint med ei 60% stilling slik Erlend har no, men ein må også ta i betraktning erfaringa han har og kor godt han kjenner folket her i bygda. Klart at det gjer arbeidet lettare, enn når det er ein ny prest som skal komme og ta over.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 38/21 Oppretting av minnelund på gravplassen

Bergljot informerte vedr prosessen med oppretting av minnelund for Sykkylven kommune. Kommuna har gitt oppgåva til kyrkja, men minnelunden er eit krav som opprinneleg har kome frå kommuna. For å skaffe midlar til dette så må vi nok sparke ballen tilbake til kommuna og finne ut korleis minnelunden skal finansierast. Det skal opprettast eit forprosjekt for å avklare både utforming og kostnader.

Sak 39/21 Diverse

Konfirmasjon to helger i september.

Asfaltering av utearealet ved kyrkja.

Ferdigstillling «omlegging» / reparering av skifer/trapper ved kyrkja.

Kyrkjedagar til hausten? Vi må lage eit arrangement som kan gi litt inntekter.

Strategisamling for kyrkja 25.08. Her bør leiarane for sokneråda også vere med 😊

Markusevangeliet – Magnar skal sende mail og seie oss interesserte.

Neste møte: ikkje bestemt

Skrivar, Anita Øvergård